



# LYNGMO

## GLYTTE



## Treff me blink?

Bilete frå sommarleiren i 2011, viser at me av og til treff blink på Lyngmo! I vinter prøver me igjen; me ynskjer å treffe blink ved at born og ungdom skal få sjå kven Jesus er! Temaet for vinterleirane er å feste blikket på nettopp Han! For å treffe blink må ein ha auga på det ein vil treffe! Dette lærer me i Bibelen!

Hebr. 12:2

“Med blikket festa på Jesus,  
trua sin opphavsmann og fullendar.”



Find us on  
**Facebook**




# MANGE BORN OG FLOTTE AKTIVITETAR PÅ JULEVERKSTAD!

Juleverkstad på Lyngmo er fast tradisjon første helga i advent.. Laurdag 26. november freista juleaktivitetar, julemusikk, og julegraut mange born og foreldre å kome til Lyngmo! I alt kom det over 100 personar. Det vart laga mange flotte julepresangar som kjem til å havne under juletreet hos lykkelege foreldre og besteforeldre :) BUN(Barne- og ungdomsnemnda) hadde, saman med mange gode hjelparar, laga til eit flott arrangement !



## NY HEIMESIDE - WWW.LYNGMOINFO.COM



Lyngmo har fått ny heimeside. Den nye heimesida har fått ein meir moderne utsjånad, med meir plass til bilete, filmar etc. Me håpar at heimesida vert eit godt verktøy, der me kan leggje ut informasjon om arrangementa våre!



## **BORNAS SUPERSØNDAG!**

OBS! Flyttast frå haust til vår. Dermed er det klart for ny supersøndag allereie 18. mars 2012! Som vanleg vert det gudsteneste først og deretter mat og aktivitetar på Lyngmo. Barnas Super-søndag er eit samarbeid mellom kyrkja i Luster og Lyngmo.

## KVA SKJER PÅ LYNGMO - EI LITA OG KANSKJE EI STOR OMBYGGING!

I vinter vert det sett i gang arbeid med å utbetra kjøkkenavdelinga. Dette er eit prosjekt som dei tilsette på kjøkkenet har venta ei stund på. Større kjølerom, nytt og større tørrvarelager og auka frysekapasitet er det viktigaste som vert gjort. Me trur at endringane vil gjera arbeidskvardagen enklare for dei tilsette!



Styret for Lyngmo ønskjer å tenkja framtidretta og leggja til rette for ei tenleg drift i mange år framover. Den gamle internatdelen vert løfta fram som ei viktig investering dei neste åra. Grunnforholda er for dårlege til at bygget kan renoverast; dermed er eit nybygg einaste fornuftige løysinga. 21. januar skal eigarane til Lyngmo møtast og blant anna diskutere kva som kan gjerast og eventuelt når det er aktuelt å gjera noko med denne delen av bygningen.



## Inspirasjonshelg for kvinner!



Inspirasjon av Jesus og andre damer!  
**Elin Linde Fagerbakke** forkynner!  
Lyngmo Ungdomssenter  
**2-4. mars 2012**

Arrangør: Lyngmo Ungdomssenter og Connected (SIM)

Påmelding og informasjon:  
[www.lyngmo.info](http://www.lyngmo.info)  
[lyngmo@lyngmo.info](mailto:lyngmo@lyngmo.info) eller 57 68 43 66.

**HUGS VÅRBASAREN 20. APRIL**


**HUGS VI OVER 60: 21. - 24. MAI**

### GÅVER med skattefrådrag

Alle som vil kan få skattefrådrag på gåvene dei gjev til Lyngmo. Dette er mogleg både på enkeltgåver og gjennom FGS - fast gjevar-teneste med skattefrådrag. Det er ein stor fordel for planleggjinga av økonomien til Lyngmo å få gåvene gjennom fast gjevarteneste og me håpar at fleire vil slutte seg til dette. Dersom de ynskjer skattefrådrag på gåvene MÅ de ta kontakt med Kjetil før de overfører pengane.

Gåvekonto til Lyngmo er

Sparebanken Vest: 3720.07.68427



## NY TILSETTING: Anne Kristin Gunvordal



I denne utgåva av LyngmoGlytten ønskjer me å presentere ein ny tilsett på Lyngmo! Det er ei stor glede for oss at Anne Kristin Gunvordal vart tilsett på kjøkkenet i 35 % stilling frå slutten av september. Ho er godt i gang med arbeidet og har bidrege med god mat, reine benkar og flott pynting av huset! Etterkvart kjem ho til å få ansvaret for planlegging av menyar og at bestillingane er i orden.

Anne Kristin bidreg inn i arbeidsmiljøet med gode smil, kreative idear og kjappe kommentarar. :) Velkommen til Lyngmo!

### TAKK FOR INNSATSEN!

Erna Heggstad har vore tilsett på kjøkkenet på Lyngmo dei siste to åra. Saman med mannen, Hermund, har ho lagt ned ein flott innsats! Tusen takk for arbeidet de har lagt ned på Lyngmo! Me er glade for at de framleis vert med i dugnadsgjengen!


### Minnegåve

Tusen takk for gåva som var gitt i samband med grasferda til Anna Heggstad!



Returadresse:  
Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 12  
6869 Hafslo

Telefon: 57684366  
E-post: [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com)  
Heimeside: [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)  
Gåvekonto: [3720.07.68427](https://www.giv.no/give/3720.07.68427)



# VINTERLEIR 2012!

2-4. kl. 03-05. febr. kr 420,-

5-7. kl. 17-20. febr. kr 635,-

7-10. kl. 23-26. febr. kr 695,-



## Påmelding:

Send mail til [bua@lyngmoinfo.com](mailto:bua@lyngmoinfo.com)  
eller ring 57 68 43 66.

25 % søskenmoderasjon

Påmelding frå 1. januar 2012

LEIRSIDA

## LEIRTRAVEREN!

Namn : Venninneflokken : Signe Systad, Tora Ø.  
Tvedt, Maylinn Flikki, Dina Wassæther.

Kjem frå : Kaupanger

Alder : 4. klasse

Har de vore mange gonger på leir? Ja, me 4 er alltid saman på leir! Me har vore på alle leirane sidan 2. klasse!

Kva er det beste leirminnet dykkar? Det er at me alltid plar dele rom i lag og har det veldig kjekt der! Pluss å vere ute i kano! Og leirkvelden! :)

Har de eit favorittvers eller favoritthistorie i Bibelen?

Historien om Sakkeus! Og så er sangen om "Bibelens bøker" veldig gøy! 😊

TUSEN TAKK FOR INTERVJUET!

